

Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 3-2020
Tid: Fredag 27. november kl. 09.00 – 11.30
Stad: Teamsmøte

Til stades:

| | |
|-----------------------|---|
| Arbeidsgruppa: | Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal) |
| Andre: | Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG), Terje Villanger |
| Referent | Bent Gunnar Næss |
| Forfall | Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen) |

| | |
|------------------|--|
| Sak 15/20 | <p>Godkjenning – sakliste og innkalling</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.</p> |
| Sak 16/20 | <p>Referat – forrige møte</p> <p>Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar.</p> <p>Vedtak: Referatet vart godkjent.</p> |
| Sak 17/20 | <p>Status for prosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> Kristin Nåmdal hadde ein presentasjon av prosjektet på Vestland plankonferanse – Webinar: Samfunnsplanlegging i ei brytningstid - Vestland fylkeskommune <p>Kommunal- og moderniseringsdepartementet presenterte ein «Rettleiar for sjøområda» - den rettleiaren ligg også i mappa –«Fagstoff rapporter»</p> <ul style="list-style-type: none"> Regional referansegruppe – møte 7. des – der leiar og nestleiar i IKPU vil delta og leiar i arbeidsgruppa, HK og BG vil delta. Der vil eit utkast til planprogram bli presentert. |
| Sak 18/20 | <p>Planprogram – utkast</p> <ul style="list-style-type: none"> Der var kome nokon konkrete kommentarar til utkastet til planprogram Fedje kommune tok opp at dei ønskjer å få vurdert om der er areal som kan vere egna til botnfaste vindmøller i sjø. Det er noko Fedje har med i sin “Planstrategi” og det er også omtalt i budsjettokumentet til Fedje for 2021. Dette vart diskutert i arbeidsgruppa. Dette er eit nytt område som vil krevje ein del ekstra utgreiingar. I plan og bygningsloven finnes det ikkje noko underformål for vindmøller - under hovudformålet bruk og vern av sjø. Fedje vil kome med eit utfordringsnotat som omtaler korleis dette kan følgjast opp. Det vil vere naturleg at dette notatet vert lagt fram for IKPU. Det var ein gjennomgang av utkastet – og kommentarane var mellom anna |

- Kap 2 om organisering kan gjerast kortare og det som er til meir internt bruk blir tatt ut og i eit eige dokument
- Kap 3 medverknad – må fyllast ut. Det vart også presentert eit eige dokument som var tatt ut med utgangspunkt i kommuneplan for Alver. Det kan gjerast ein del enklare. Pelle, Jan Torry og HK ser spesielt på dette.
- Kap 4.1 og 4.2– det kan løftast opp i dokumentet
- Kap 4.3 – det tas mot slutten av dokumentet – opplisting
- Kap 5 flyttast også frem i dokumentet
- HK og Asbjørn ser spesielt på kap 5 og 6
-

Tentativ tidsplan – for arbeidet med planprogrammet

- IKPU – status – fredag 27. nov
- Utkast sendast til Regional referansegruppe – onsdag 2. desember
- Regional ref gruppe – presentasjon – 7. des
- Arb utval og IKPU 11. des
- Til kommunane 17. des
- Tilbakemelding frå kommunane **seinast 10. februar?** (må sjekke om alle har hatt sitt første møte)
- Arbeidsutvalet – møte 18. februar
- IKPU – 26. februar og forhåpentlegvis utsending av planprogrammet på
- Høyring sendt 1. mars
- 6 – uker høyring – frist høyring 20. april
- Vurdering av innspel i arbeidsutvalet –
- IKPU – vedtek planprogrammet innen mai –

Dokumentet om informasjon og medverknad vert jobba særskilt med og vert lagt ved når planprogrammet vert sendt på høyring 1. mars.

Sak 19/20

Andre saker

- Neste møte er 11. desember – planen er da å få inn de siste innspela før utkastet vert sendt til kommunane for høyring. Deler eller heile møte felles med IKPU.
- 22. Januar – fagstoff seminar – halv dag
Ansvarleg – Asbjørn Toft, Hans Kristian -.....
Tema – *kva er dei største utfordringane for sjøareealet som vi ønskjer å løyse?*
- Lag og organisasjonar – orienteringsmøte - desember
- Møteplan – ligger i Teams mappa – Excel fil «IKP sjø møteplan og medlem»
Arbeidsutvalet -
For arbeidsutvalet vart ein samde om følgjande datoar. Tema/plassering er ikkje endeleg bestemt.

| År | Mnd | Dato | Organ | Tema |
|------|-----|------|----------------|-------------------------------|
| 2021 | 1 | 22 | Arbeidsutvalet | Fagstoff/seminar |
| 2021 | 2 | 18 | Arbeidsutvalet | Ferdigstilling planprogram |
| 2021 | 3 | 12 | Arbeidsutvalet | Matre Havforskning - |
| 2021 | 4 | 9 | Arbeidsutvalet | Gulen |
| 2021 | 5 | 11 | Arbeidsutvalet | Modalen - Vaksdal |
| 2021 | 6 | 18 | Arbeidsutvalet | |

Knarvik, 27. november 2020